



Til:
Kommunestyret

Frå:
Kommunalsjef Oppvekst

Dok. ref. 23/20373-4/MARSYL

Dato: 15.12.2023

Oppdatert notat ungdomstiltak – økonomiske konsekvensar

I samband med behandling av sak 147/23 - *moglege strakstiltak ungdomskriminalitet* blei det vedtatt at «*Kommunestyret ber om å få eit notat til budsjettbehandlinga om kostnader for strakstiltak som er utover budsjettet for 2024.*»

Det blei og peikt på tiltaka i sak 057/23 - strakstiltak rus og ungdom som blei vedtatt av kommunestyret 21.06.23, mellom anna etablering av permanent ungdomsteneste og all-aktivitetstilbod på Straume.

Kostnader ved permanent ungdomsteneste er lagt inn i saka.

Når det gjeld all-aktivitetstilbod på Straume er det etablert fleire tilbod på Straume:
[Fritidsklubbar - Øygarden kommune \(oygarden.kommune.no\)](https://oygarden.kommune.no)

Ungdomstenesta og kulturavdelinga er i dialog med desse tilboda for å vidareutvikle og gjere tilboda meir tilgjengeleg for fleire ungdommar.

Dette notatet gjer rede for dei økonomiske kostnadane og konsekvensane for strakstiltaka som beskrive i saka. Den beskriv og eventuelle kostnader for utviding av permanent ungdomsteneste.

For ytterlegare detaljer vises det elles til sak 147/23.

Tiltak	Periode	Estimert månedleg kostnad	Estimert årleg kostnad	Innarbeid i budsjett og økonomiplan 2024-2027
Utepatrolje i området Straume og Ågotnes med tilsette frå barnevernet, 2 gangar i veka i tidsrommet kl. 15.30 -19.00.	01.12.23 – 21.12.23 Kortsiktig, ikkje mogleg å gjennomføre permanent.	Overtidsbetaling til tilsette i barnevernstenesta - månedleg kostnad: 50.000 – 60.000,-	Skal dette vere eit permanent tiltak krevjast det minimum 2 årsverk. Bør knytast til og sjåast i samanheng med ungdomstenesta . Kr. 1,6 millionar	Nei, det er ikkje avsett budsjettmidlar til å vidareføre dette.
Vidareføre utvida opningstid Basecamp kvar fredag - Åpent hus på fredager frå kl. 1430 – 2100	01.01.24 - ?	40.000 – 50.000,-	Kr. 500.000,-	Ja, innarbeid i budsjett og økonomiplan med kr. 500.000,- årleg.
Auka vakthald/vekterteneste i Straumeområdet	15.12.24-?	Avhengig av frekvens og tidsperiode, men truleg 50.000,- per måned for same frekvens som utepatrolje	Kr. 650.000,-	Nei, det er ikkje avsett budsjettmidlar til dette.
Førebygging og synlege vaksne - Natteravn	01.01.24 - ?	Avhengig av interesse, men vil kunne krevje noko ressursar for å organisere, 50.000,- - 100.000,-	Mindre kostnader.	Kan takast innanfor eksisterande ramme.
Haldningskampanje foreldrerolla – jobbe med å styrke foreldre og foreldrerolla	01.01.24 -	Kostnader til organisering og materiale. Kr. 50.000	Mindre kostnader.	Kan takast innanfor eksisterande ramme.
Samarbeid med kyrkja og næringsliv om tiltak i Ågotnesområdet – oppretting av diakonstilling til kyrkja	01.02.24 -	Avsett kr. 450.000,- i forslag til budsjett for 2024.	450.000,-	Ja, innarbeid i budsjett og økonomiplan 2024-2027. Avsett 450.000,- i forslag til budsjett for 2024.

Etablering ungdomsteneste	Etablert med 6 årsverk	Kr. 300.000,-. 2 av stillingane (i NAV) er statleg finansiert.	3,5 millionar, finansiert med eksisterande stillingar + 300.000,- Ja, men eventuell utviding med fleire tilsette vil krevje meir ressursar.	Eventuell oppbemanning med fleire årsverk – 800.000,- per årsverk.
----------------------------------	------------------------	--	--	--

Ungdomsteneste:

Ungdomstenesta blir frå 01.01.2024 etablert permanent som ein eigen teneste i kommunalsjefområde Oppvekst. Det var orientert om etableringa av ungdomstenesta og organisatoriske endringar i Oppvekst i Levekårsutvalet 13.12.2023.

Ungdomstenesta blir samansett frå ulike tenester og vil frå 01.01.2024 bestå av seks stillingar:

- To tilsette frå NAV (prosjektfinansiert i 2024)
- Ei tilsett frå psykisk helse og rus
- Ei tilsett frå familie- og rettleiingssenter (FOR)
- To faste tilsette i ungdomstenesta (SLT- koordinator og 1 årsverk frå barnevernstenesta)

SLT-arbeidet blir lagt til leiarfunksjonen for ungdomstenesta.

Målgruppe: Barn og unge i alderen 12 -23 år som har eller står i fare for å utvikle psykososiale vanskar og/eller rusproblematikk som vil vere hemmande for deira utvikling og skolegang.

Ungdomstenesta er frå 01.01.2024 finansiert med desse stillingane (med atterhald om prosjektmidlar for stillingane i NAV utover 2024)

Skal det leggst ytterlegare ressursar inn i tenesta eller jobbast utover ordinær arbeidstid er det avhengig av ytterlegare finansiering.

Eit årsverk i ungdomstenesta er estimert til kr. 800.000,-.

Marius Flesland Sylta
Kommunalsjef Oppvekst